

Pressemelding

Flysleppet på Vaulasletta

Torsdag 24. mars kl. 19:00

Sted: Arquebus krigshistorisk museum

Pris: kr. 100,- pr. person (Ticketco eller i døra)

Arquebus krigshistorisk museum i Tysvær har mange og varierte utstillingar som fortel om okkupasjonen av Norge i 1940-45. Museet har fått namnet sitt etter motstandsmannen Sverre K. Andersen som dreiv illegal radioverksamheit under andre verdskrig, under dekknamnet Arquebus.

Museumsstafetten på Arquebus krigshistorisk museum legg denne kvelden vekt på ei anna side av motstandsørsla i Norge, Milorg si organisering av flyslepp. Korleis jobba Milorg med å organisere flyslepp i vårt nærrområde? Korleis vart historia om flysleppet på Vaula- sletta ein del av krigshistoria på Haugalandet ?

Maryon Østhus frå Haugalandmuseet tek oss med inn i denne historia. Tid til kaffidrøs og besøk i utstillingane blir det og. På Haugalandmuseet sine samlingsider kan du lese meir om våre [krigshistoriske samlingar](#).

For fleire opplysningar kontakt Tove Selås
ts@haugalandmuseet.no tlf. 52 70 93 60 / 909 77 976

Vennlig helsing Haugalandmuseet

ved Tove Selås

*Museumsstafetten er en arrangementsserie der Haugalandmuseet tilbyr månedlige kunst og kulturopplevelser med omvisning, kåseri eller en workshop, og noe å bite i. Museumsstafetten gir en unik mulighet til å oppleve mangfoldet i museet og tar deg med til ulike avdelinger fra gang til gang. **Velkommen til Museumsstafett - oppdag kunst og kultur på Haugalandet!***